

STEM RAUD VALALLIANSE



Kva er RV

Vi rettar spørsmålet til Morten Jentoft. Han jobbar som skiftarbeidar ved aluminiumsverket i Øvre Ardal, og toppar RV si fylkesliste i Sogn og Fjordane.

Raud Valallianse er eit velsamarbeid mellom AKP (m-l) og uavhengige sosialistar.

RV stiller til val for å fremje og stø det arbeidande folket sine krav i fylkesting og kommunestyre. Målet vårt er eit sosialistisk samfunn der det arbeidande folket har makta i staten og i produksjonen, eit samfunn der politikken vert avgjort ut frå vanlege folk sine behov og interesser. Ikkje som i dag - ut frå borgerskapet sine interesser.

RV snakkar mykje om at de jobbar på ein annan måte enn dei andre partia. Kva tyder det?

—RV skil seg ut frå dei andre partia ikkje berre i dei konkrete standpunkta, men også i metodane. Ta til dømes utbygginga av Gaularvassdraget. Dersom vi får inn

nokon vil vi krevje at fylkestinget skal ta opp på nytt og gjere om dette vedtaket. Vi vil konkret påvise at utbygging korkje er tilrådeleg eller naudsynt, og at fylkestinget til no har teke stilling på galne premissar. Parallelt med dette vil vi gjere det vi kan for å reise ein brei opinion mot utbygginga og så langt råd gjere det politisk umogeleg for dei andre partia å gå inn for i.

Gjennom løpesetlar, egg, opne møte osv. vil vi også gjere tida informere om det som skjer, kva dei ulike partia seier og gjer m.m. Gjennom ein slik arbeidsmetode kan eit parti som er i mindretal tvinge gjennom ei utvikling, om er i interessene til lokalfolket.

RV er det einaste partiet som forpliktar seg til å jobbe på denne måten.

RV fortener di stemme.
—Det har vorte hevda at dersom RV sitt program skal gjennom-

førast så vil staten gå konkurs. Kva seier du til det?

—Kanskje det, men vi tvilar. Pengane finst, ingen tvil om det.

Men det vil koste - for borgarskapet. Det vil verte harde tider for nullskatteytarar a la Treskov og skipsreiarar a la Reksten. Budsjetta for representasjonsutgifter, bevertning og anna godtgjerdse for kommunepampar og anna vil også verte mindre.

Likevel - det vil verte vanskeleg å få reknestykket til å gå opp. På sikt må det skje ei omlegging av den økonomiske politikken i retning av meir allsidig næringsliv, gjenvinning av avfallsstoff m.m. Det er kapitalismen som rår i Norge i dag. Deira pengeinteresser står i motstrid til det arbeidande folket sine interesser. Fyrst når dette er endra på, vil ei full realisering av RV sitt program vere mogeleg.



Pengane finst

Personlege skatteytarar i Oslo 1976.

NAMN	Netto formue	Netto inntekt
Tom Wilhelmesen	31 536 000	1 841 800
Sigvald Bergesen d.y.	161 934 000	5 112 200
Charlotte R. Bergesen	44 859 000	1 507 100
James Stove Lorentzen	19 110 000	2 791 000
Lullu Lorentzen	7 858 000	1 180 300
Cathrine Riddervold	2 059 000	670 700
Hans H. Riddervold	1 734 000	675 600
Reidar C. Braathen	10 613 000	1 032 000
O.G. Selvaag	4 607 000	737 000
Dag S. Stiansen	7 922 000	1 050 400
Borghild Stiansen	12 651 000	612 200
Ellen Erica Damm	7 741 000	450 100

legging til sjukeheim straks sentralsjukehuset kom i drift. P.g.a. aksjonane vart det politisk umogeleg å gjere eit vedtak som ville føre til nedlegging av Florø og Høyanger. Det er også aksjonar ein må lite seg på i framtida om ein vil verne om lokalsjukehusa. Vi må sørge for at dei får drive som sjukehus, kjempe for at dei ikkje forfell. Det vert ein kontinuerleg kamp, det er også RV sitt standpunkt.

Spm. —Er det andre saker du meiner er viktige på fylkesplan? —I over 60 år har kvinnene arbeidd for retten til sjølvvald abort. Dette vart lovfesta i 1978, men framleis har størsteparten av kvinnene i Sogn og Fjordane ikkje denne retten. Dei må vekk frå fylket for å få utført abort. Det er difor rett og viktig å stille krav om at alle sjukehusa i fylket må utføre abortingrep. Alt anna er diskriminering av kvinnene.

Nei til nedlegging av småsjukehusa

Berit Hatteberg, tillitskvinne i Norsk Kommuneforbund ved Florø Sjukehus, nr. 2 på lista ved fylkestingsvalet i Sogn og Fjordane. Berit Hatteberg har i lengre tid engasjert seg i helse- og sosialpolitikk. Kampen for å bevare lokalsjukehusa, mot sentralisering av sjukehusvesenet er saker som har oppteke henne spesielt. I dag er det bygd eit sentralsjukehus i Førde. Då står det att å kjempe for at folk i distrikta får halde på småsjukehusa sine.

Spm. —Korleis vil det gå med lokalsjukehusa og kva må RV gjere om dei sekk saman til sjukeheimar slik planane var tidlegare?

—Det er vel slik at faren for nedlegging av småsjukehusa er stor (spes. Florø og Høyanger). Vi har fått eit moderne storsjukehus i Førde der dei i dag har store problem med å skaffe kvalifisert hjelp. På lengre sikt er det fare for at det vert eit stort problem for småsjukehusa å skaffe denne ekspertisen. Det vert lite sjukehus-



preg over dei i framtida og dei vert difor lite attraktive. Dette vil verte eit godt argument for å legge ned sjølv om det i dag er eit vedtak frå fylkestinget som seier at lokalsjukehusa skal oppretthaldast med henholdsvis 60 senger i Florø og 54 i Høyanger. Men dette vedtaket er ingen garanti. Vi kan sjå attende til aksjonane i -75 for å få halde på lokalsjukehusa. Utan desse aksjonane ville det vorte om-

Dette vil RV kjempe for Kvinnefrigjeringa

- alle sjukehus må utføre abort.
- 6 månaders svangerskapspermisjon med full løn.
- lik løn for likeverdig arbeid.
- kamp mot all pornografi — slå ned på pornoaiiane.

Dette vil RV kjempe for Helse og sosial

- sjukehusa i Florø og Høyanger må verte oppretthaldne som tredelte sjukehus med høvevis 60 og 54 sengar.
- fødeavdeling ved alle lokalsjukehus.
- auka løyvingar til helse og sosialsektoren.
- fleire distriktslækjarstillingar må opprettast.
- bedriftshelsetenesta må betrast.

Bryt med løftepolitikarane — stem RV

Raud Valallianse er ikkje noko løfteparti. Vi nektar å henge oss på dei anre partia som overgår kvarandre i å kome med fagre løfte før valet og kappat om å bryte dei så snart dei har innteke taburetane i ulike parlamentariske organ.

Tyder det at RV ikkje ynskjer mandat eller ikkje har noko program? Sjølvsagt ikkje. Sjølv om vi er nye og uerfarne i fylkespolitikken har vi eit program og vi ynskjer mange stemmer. Vi vil slåst for standpunkta våre i dei styra vi kjem inn i, men vi lovar ikkje veg her og arbeidsplass der berre vi får d i stemme.

Raud Valallianse gjer det heilt klart at kampen for å halde på arbeidsplassane, kampen mot rovdrift på ressursane m.m. vert avgjort av den kampen folk sjølv fører i lokalsamfunnet og elles. Men kampen på grunnplanet treng pålitelege representantar i kommunestyre og fylkesting. Representantar som vil samrå seg med lokalfolket, som ikkje vil late seg kjøpe opp, som ikkje vil late seg verte bunden av teieplikt, som heile tida vil informere om kva som skjer i korridorane og syne kven som held lovnadane sine og kven som ikkje

gjer det. Ein representant frå RV vil vere ein slik representant.

Det lovar vi.

Denne avisa tek sikte på å få fram RV sin politikk på nokre få område som krisa og arbeidsplassane, jordbruk og fiske, energi, helse og sosial, ungdom m.m.

Ikkje alt frå desse områda er teke med, mange saker er ikkje teke opp i det heile.

Dersom du ynskjer meir informasjon om politikken til Raud Valallianse, anten det no er fylkespolitikk eller rikspolitikken, kan du kontakte.

Raud Valallianse
Gunnar Furehaug
Hornesvn. 20 A,
6800 FØRDE.

Tlf. (057) 22 593


ELLER.

Rød Valgallianse
Boks 211
Sentrum,
OSLO I

Tlf. (02) 41 41 63.

ARNE-ARBEIDERNE
TIL RETTSSAK

Gjerde
gav dem
falske
garantier



Kommunepolitikarane i Førde — fullstendig utan ansvarskjensle


Det er Tom Farsund, 2. plass på RV si kommuneliste i Førde, 6. plass på fylkestingslista og formann i Førde Jern og Metall, som seier dette.

—Tom Farsund, kva meiner du med dette?

—Ankerløkken Verft i Førde der eg arbeider, har i fleire år hatt kontinuerlege problem når det gjeld ordrar. ved slutten på kvart prosjekt har det store spørsmålet vore. Får vi nye kontraktar eller ikkje? Det er klart at om AVFØ går dukken så vert problema for kommunen ganske større. Eg veit ikkje om desse problema, korleis kommunen evt. kan medverke til at verftet får kontraktar, har vorte diskuterte ein einaste gong i kommunestyret i Førde. Dette kallar eg ansvarsløse.

Spm. —Kan RV i kommunestyret, eller for den saks skuld eit heilt kommunestyre, gjere noko frå eller til angående kontraktar?

—Eg kan i alle høve love, at om det ikkje er i orden med kontraktar for AVFØ og vi får valgt inn ein representant, så vil vi ta opp spørsmålet på første møte. Det minste ein må kunne forlange er at kommunestyret diskuterer ei sak som er vere eller ikkje vere for kom-



munen. Elles er det opplagt at eit samla press på staten frå bedriftsleiing, fagforeining, politiske parti, kommunestyre osv. kan vere tingen på vektskåla som tippar ei avgjerd i vår favør.

Spm. —RV stiller parola «Nei til nedleggingar og permitteringar». Er ikkje det eit illusorisk krav?

—Nei, denne parolen må vere rettesnor og utgangspunkt for politikken vår, men det er klart at kva for politikk og krav den ein-

skilde fagforeninga stiller må vurderast konkret i kvart tilfelle. Det er forferdeleg ressursøydning som finn stad når fabrikkar vert lagde ned. I dag veit vi at Tandberg søker etter folk - tenk kva som hadde vorte øydelagt om det hadde lagt heilt ned. På Jacobsen Elektriske i Hokksund streika dei mot nedlegging og vann. Eitt år etter selde dei alt dei greidde å produsere.

Spm. —Ja, men er det ikkje slik at mange bedrifter må legge ned fordi dei ikkje får selje produkta?

—Jau, det er klart at mange bedrifter har problem og må legge ned, men når det er sagt må vi tilføye. Det finst mange motiv for å legge ned bedrifter. Eitt er der dei som eig bedrifta slår seg konkurs, tenar pengar på konkursen som dei

sidan kan investere i meir lønsame bransjar.

Spm. —RV vil oppheve lønsstoppen. Er ikkje den eit naudsynt onde som kan bidra til å redde arbeidsplassar?

—Etter mitt syn ikkje. Dersom ein ser på eit avgrensa økonomisk samfunn er det klart at dersom marknaden skrumpar inn (mindre løn i høve til prisane) så får bedriftene avsetjingsvanskar. Her er det tragikomikken kjem inn. Kvar ein skild bedrift, eller land, prøver å løse denne krisa for seg sjølve, men det gjer dei på ein måte som heilskapeleg berre forverrar krisa. Dei prøver å auke produksjonen og minske kostnadane (oftast løna). Men når løna går ned, minkar også marknaden og dermed vert misforholdet mellom

produksjon og sal endå større. Dette er ein vond og uunngåeleg sirkel i det økonomiske systemet vi lever i.

Spm. —Så det er ikkje noko å gjere ved dette?

—Jau, så absolutt. I avdelinga mi vil eg gå inn for å få vedteke krav om at lønsstoppen må vekk. Ein storm av slike vedtak vil føre til at det vert halde fast på at han skal opphevast. Vi må forklare folk at lønsstoppen i dag er eit direkte trugsmål mot arbeidsplassane, spesielt for dei som produserer for den norske marknaden. Eksportindustrien har no gode tider som fylgje av at marknaden i Europa tek seg opp. Dette fordi desse landa ikkje har lønsstopp og innstramningar i same grad som her til lands.

Vend ryggen til SV

Mange folk som har sett seg leie på Arbeidarpartiet sin borgarlege politikk står i dag Sosialistisk Venstreparti. Dei fleste er i god tru. Andre oppdagar etterkvart at SV ikkje er noko alternativ for folk som ynskjer sosialisme.

Olve Steinset, mekanikar ved Bremanger Smelteverk er ein av dei som har innsett at SV ikkje er noko brukbart alternativ.

Olve Steinset var tidlegare fagpolitisk leiar i Sogn og Fjordane SV, men braut ut rett før stortingsvalet i 1977.

Han stemmer no Raud Valallianse.

Vi har spurt han om kvifor han braut med SV.

—Til det er det mange grunnar. Eg ser ikkje lengre på SV som eit

sosialistisk parti. SV har gjennom praksisen sin prova det.

I 1977 gjekk dei t.o.m. så langt i sin iver til å innynne seg hos DNA at dei gjekk ut i valkamp for dei. «A-regjering framfor B-regjering», var ein av parolane.

Spm. —Kva er grunnen til at du stemmer RV?

—Fordi det er det einaste revolusjonære alternativet. I ei tid med stendig skjerp motsetningar med til døme auka arbeidsløse, trongare kår for jordbruk og fiske, staten sine freistnader på rovdrift av naturressursane (Gaular, Alta-Kautokeino-vassdraget), treng ærlege og pålitelege folk som torer stå fram i kommunestyre, fylkesting og overalt elles og fortelje folk kva som skjer og reise kamp.

Spm. —Nokre råd til tidlegare partifeller?

—Eg vil be dei tenkje seg om minst ein gong til. Sjå på SV sin praksis i høve til kva dei seier. SV seier dei er mot porno, men dei vil ikkje stø pornoaksjonane. SV seier dei er mot imperialismen, men dei gjekk vel lenge før dei bestemte seg for å fordømme Sovjet og Cuba sin krig mot Eritrea. SV sluttar opp om Vietnam sin okkupasjon av Kampuchea. Dei forsvarar Sovjetkuppet i Afghanistan m.m. Sv vil gjerne stø norske fiskarar men sier dei nærast lyg når fiskarane fortel om russisk rovfiske i Barentshavet. Slik kan ein fortsetje å samanlikne SV sin teori og praksis til ei endelaus rekke.

TENK DEG OM - STEM RV.

Dette vil RV kjempe for Ungdom

— arbeidslaus ungdom må få rett til trygd.

— auka løyvingar til kommunale ungdomsklubbar.

— mot politivald.

— narkomane må få skikkeleg behandlingstilbod.

«Fiskarar og industriarbeidarar har sams interesser»

Det er Geir Oldeide, nr. 14 på RV-lista i Sogn og Fjordane som seier dette. Han arbeider i fiskeindustrien i Vågsøy, ein typisk industrikommune, og har tidlegare vore fiskar i eit par år.

Han er tilsett på R. Domstein & Co. som er eit av dei største fiske-mottaka i landet. Han er også vorte valgt som tillitsmann for arbeidarane der.

Spm. —Har RV ein bra fiskeripolitikk, Geir?

—Bra, men ufullstendig. Det einaste som er vedteke er det som står i landsprogrammet, og det gjeld ikkje så mykje situasjonen her i fylket og kommunen.


Spm. —Kva er situasjonen i fiskeriet?

—Lat oss ta fisket først. Her, som på alle andre område, er det dei store, pengefolka, sin politikk som rår. Tidlegare kunne det løne seg med ein liten sjark og smådrift, men utviklinga har pressa fram større og større båtar og meir og meir intensiv drift. Først og fremst er det fiskeprisane som gjer det hardt å vere fiskar i dag.

Fiskeprisane, eller minsteprisane på fisk, står omtrent stille, medan det vert dyrare og dyrare å drive fiske. Dette gjeld alt utstyr, driftsutgifter o.s.b., og det vert også dyrare å leve. Spesielt er det at fiskeprisen er delt i to, ein del som bedriftene betalar og ein del som staten betalar, som subsidiar. I mange år har den delen bedriftene har betalt praktisk tala stått stille, og i den grad prisane har gått opp er som auka subsidiar. Og dette er vel ikkje noko anna enn at det er

vanlege skatteytarar, m.a. fiskarane sjølve, som betalar for denne auken. Ser vi at utsalsprisane deira aukar jamnt. Så kan ein sjølv tenkje seg kva overskot dette gjev og kven som tener på det. Eit anna utslag av dei låge prisane er at dei store fabrikk-trålarane går til utlandet, då i første rekke England og leverer fangsten. Sjølv sagt hadde det tydd sikre arbeidsplassar om dei hadde fått levere her.

Denne politikken fører vidare til at småtrålarane må drive rovfiske på ressursane for å overleve. Det fiske som vi kallar skittfiske er



svært skadeleg fordi det spar med seg all slag småfisk som vert levert til oppmaling.

Spm. —Kan du seie litt om situasjonen i fiskeindustrien?

—Vågsøy kommune vert ofte rosa opp i skyene for å vere eit vellykka økonomisk og stabilt lite samfunn. Ymse slag storfolk som er på vitjing her uttrykkjer stor beundring for korleis det gror her og korleis alt løner seg.

Men kva er realitetane bak dette? Jau, det er slikt som at lona ligg 10,- kroner timen lågare enn gjennomsnittet i Industrien og at arbeidsmiljøet er så då at gjennomføring av arbeidsmiljølova ville gje oss heimmelig på jord

Eit par smakebitar. Det er ikkje sjeldan at det har vore istappar på maskinene når vi har byrja om morgonen i den kaldaste tida. Ofte står vi inne og jobba. Frost-røyk til knehøgde på grunn av opne fryserom. I ein støy på kring 100 Db finst det der eg jobbar berre 4 - fire - hørselvern på omlag 50 arbeidarar!

Spm. —Er det ingen som protesterer mot alt dette?

—Det har ikkje alltid vore like lett å gå i mot bedriftseigarar. Dersom dei ikkje likar deg får du sparken på dagen, og då det ikkje finst andre tilbod er det få som

torer å seie i frå.

Fagorganisering har det vore lite av før dei siste par åra. Eg trur eg vågar påstanden om at vi ligg 50 år tilbake i tida på mange område.

Spm. —Kva ser du som dei viktigaste krava å kjempe for i fiskeindustrien?

—Løna opp på gjennomsnittet i industrien, d.v.s. minst 35,- kr timen. Lik løn for mannfolk og kvinnfolk med spesielle tillegg for tungt arbeid.

Skikkeleg kontroll med arbeidsmiljøet.

Utbygging av fagrørsla, med dugande tillitsfolk og godt grunnplansarbeid.

Spm. —Korleis er tilhøvet mellom arbeidarane i fiskeindustrien og fiskarane?

—Desse to yrkesgruppene vert ofte sette opp mot kvarandre. Vi vert til dømes skulda for å undergrave fiskeriet når vi ikkje er interesserte i å stå mykje overtid og jobbe i helgane. Eg meiner at fiskarane og arbeidarane i fiskeindustrien har sams interesser mot dei høge herrar i samfunnet og dette bør verte grunnleggjande korleis problem som oppstår skal løysast.

Dette vil RV kjempe for Fiskerinæringa

— auka minstepriser på fisk.

— bevar fiskeressursane — slå ned på alt rovfiske.

— sei opp «grå-sone»-avtalen med Sovjet. Deling etter midtlinja.

Høgre — kva står dei for i praksis?

Vert tilhøva betre om Høgre vann valet? Lat oss gløyme dei fine orda deira og sjå litt på kva Høgre-politikk tyder i praksis.

— Høgre er for utbygging av Alta-Kautokeino-vassdraget og for oljeboring nord for 62. breiddegrad.

— I Oslo og Bergen har det vore aksjonar for fritidsklubbar til ungdom. Høgre gjekk mot ungdommen sine krav og det hende til og med at ungdommen vart møtt med politi.

— Høgre har stort sett støtta opp om alle tiltak DNA har sett i verk i samband med den økonomiske krisa, og dei står stort sett for same økonomiske politikk (t.d. løns- og prisstoppen).

— I land der dei har såkalla konservative eller borgarlege

regjeringar (t.d. Frankrike og England) er arbeidsløysa likeså stor om ikkje større enn i Noreg.

— Høgre har stemt mot løyvingar for full språkleg jamsteling.

— Høgre har støtta nedlegging av behandlingstilbod for narkomane (t.d. Statens Forvern-senter).

Detter er Høgre-politikk i praksis. Så kan dei preike kor fint dei vil om ressursvern, arbeid til alle, hjelp til narkomane osv. Høgre er altså ikkje noko alternativ til DNA. I punkta ovanfor har dei stort sett stått for same politikk. I praktisk politikk går dei ofte hand i hand, sjølv om det også er usemje mellom partia på nokre felt.



Utviklinga i jordbruket og kva vil Raud Valallianse

Desse tala syner at dyrkingsarealet pr. innbyggjar ikkje har auka særleg på nær 20 år.

Vidare syner dei at talet på bruk (og dermed arbeidsplassar) har minka frå 11321 til 8730 bruk desse åra.

I 1961 sysselsette jordbruket 12009 personar i fylket. I 1970 8694, ei minking på 3415 arbeidsplassar.

Det er dei små bruka som mest har fått lide i denne utviklinga. Mange småbønder har ikkje klart å halde det gåande under dei vilkåra som er gjeve.

I 1969 hadde 51,4% av bruka i fylket driftsbygningar bygde før 1920, m.a.o. umoderne og nedslitte bygningar. Samtundes var og er inntektene i jordbruket lågare enn t.d. i industrien. I ein slik situasjon er det klart at mange unge heller valde industrien enn å slite kroppen ut på eit småbruk der resultatet stort sett var gjeld. Styresmaktene styrde denne utviklinga frå jordbruk til industri.

Gode kår for småbøndene er naudsynt for å trygge arbeids-

Nokre tal kan syna utviklinga i jordbruket i fylket dei siste 20 åra

	1959	1969	1976
Jordbruksareal 1000 da	484	484	442
Fulldyrka areal 1000 da	278	300	295
Fylldyrka areal pr. innb.	2,79	2,97	2,85
Kjelde. Jordbruksteltninga			
	1959	1969	1976
Bruk 5 - 49,9 da	7659 68%	6195 60%	4856 56%
Bruk 50 - 99,9 da	3277 29%	3702 36%	3301 38%
Bruk over 100 da	385 3%	460 4%	573 6%
Bruk totalt	11321 100%	10357 100%	8730 100%
Kjelde. Jordbruksteltninga			
Driftsbygningar fordelt etter byggeperiode.			
	Bygd før 1920		51,4%
	Bygd 1920 - 1959		37,8%
	Brygd 1960 - 1969		10,8%
Kjelde. Jordbruksteltninga.			

plassane i jordbruket (sikre arbeidsplassar), og å auka jordbruksproduksjonen. Raud Valallianse krev at fylket gjer meir for å betre kåra til småbøndene. Småbøndene treng tilleggsgjord og stønad til nydyrking. Fylket må hjelpe dei.

På dei fleste små bruk er driftsmidla og bygningane gamle. Det må verte lettare å få lån gjennom Landbruksbanken, og lånerenta må senkast til 4%.

Vi krev også traktoravgifta på 15% vekkt.

Bøndene må sikrast ei inntekt pr. årsverk som tilvarar gjennomsnittleg industriarbeiderløn.

Raud Valallianse meiner dette er nokre naudsynte tiltak for å sikre eit levedyktig jordbruk.

Bu- og driveplikta må håndhevast. Full yrkesstatus for bondekvinnene.

Dette vil RV kjempe for

Den økonomiske krisa

— øyeblikkeleg oppheving av lønsstoppen.

— frie forbundsvise oppgjær i 1980

— nei til nedlegging og permitteringar

— for auka statleg løyvingar til fylke og kommunar.

VERDA OG VI

Visste du at.

— over halvparten av verda sine 4 milliardar menneske har for lite mat.

— ein milliard menneske lever på sveltgrensa.

— kvar dag dør 82 000 born under 15 år av svolt, feilernæring og sjukdom.

— 800 millionar av verda sine vaksne innbyggjarar er analfabetar.

— i Latin-Amerika bur 36 millionar av byfolket i slumhytter av bølgelekk.

KVA ER ÅRSAKA TIL ALL DENNE NAUDA OG FATTIGDOMEN?

Eigentleg er det lett å forstå. I lang tid har landa i Asia, Afrika og Latin-Amerika vorte halde nede i kunstig underutvikling. Før gjennom koloniveldet, no gjennom ulike politiske og økonomiske fangamar. Mange av desse landa

prøver å rive seg laus frå det økonomiske grepet land som USA, Sovjet, England m.fl. har over dei.

Økonomisk press, infiltrasjon og militærkupp er metodar som vert brukte for å sikre at dei fattige landa ikkje riv seg laus. I dag er det spesielt USA og Sovjet som er militært sterke nok til å gripe inn der dei vil. Dette gjer dei for at dei fattige landa skal fortsette som billige råvareleverandørar for dei kapitalistiske landa. Det er altså kapitalismen som er årsaka til utbyttinga og undertrygginga. Det er dei kapitalistiske og imperialistiske landa som held den fattige verda nede.

— For kvar krone kapitalistiske firma investerte i u-land i 60-åra henta dei to kroner ut i profit (forteneste)

— U-landa si gjeld til dei rike kapitalistiske landa var på 58

milliardar dollar i 1979. I 1977 var den på 200 milliardar dollar.

— U-landa betalar meir i renter på lån pr. år enn kva dei tek imot av offentleg økonomisk og teknisk hjelp.

Slik vert det når ei lita gruppe kapitalistar som berre tenker på profit skal styre!

Kva skal vi gjere?

Fyrst og fremst må vi stø den kampen folka i den 3. verda fører for å bli herrar i sitt eige land. I land som Namibia, Zimbabwe (Rhodesia), Eritrea og Thailand vert det i dag ført væpna kamp mot imperialismen og for nasjonalt sjølvstende. Trur du ikkje det nyttar å kjempe?

Så samanlikn India og Kina. Begge landa er fattige, men store og folkerike. I Kina er fattigdommen på retur, naud og svolt er det lite eller ingenting av. India er eit av verdas fattigaste land.



Kvior denne skilnaden? Fordi Kina er fritt og bygger på sosialismen, eit system som tek utgangspunkt i folk sine behov og ynskjer. I India er det kapitalistane som rår, og landet blir utplyndra av rike imperialistmakter som USA og Sovjet.

Det andre vi må gjere er å kjempe for sosialisme i vårt eige land. Det kapitalistiske Noreg er med å utbytte og undertrykke folk i den 3. verda, samstundes som at kapitalistane f.eks. driv rovdritt på ressursane her i landet. Kapitalismen kan ikkje rå utan brutal undertrykking. I dag går dette fyrst og fremst utover den fattige verda.

Vil det bli betre med sosialisme?

Ja. F.eks. kan dei 500 000 vitenskapsfolk som driv med militær forskning brukast til å forske i jordbruk, alternative energikjelder m.m.

T.d. kan dei mange milliardane som kvart år vert brukt til militær rusting, brukast til å lage jordbruksreidskapar, bygge skular og bustadar o.s.v.

T.d. kan satsing på regional og nasjonal sjølvberging redusere slosinga av energi og ressursar. Mykje kan gjerast. Sosialismen vil gje folk i heile verda høve til å få eit menneskeverdig tilvære.

Kapitalismen tener berre dei som umenneskelege nok til å gjere seg rike på fleirtalet sitt arbeid og slit.

Treng vi byggje ut Gaular-vassdraget og dei andre vassdraga våre?



Neddemming av Gaularvassdraget kan få stor innverknad på klimatilhøve, grunnvatnet og fisket, ikkje berre i vassdraget, men òg i fjorden.

Osfossen, Gaula som fell ut i Dalsfjorden, kan endre klimatilhøve i fjorden òg, då vassføringa ikkje kjem til å følgje årstiden elenger.

Ansvarleg utgjevar:
Raud Valallianse i Sogn og Fj.



Prent:
Firdapostens offset-prent

Dei som går hardest inn for rasering av vassdraga våre preikar ofte om «kraftkrise» og at dersom vi ikkje bygger ut no, vil vi få stor mangel på kraft i 80-åra. Deira (m.a. Høgre og DNA) logikk vert då at enten må vi bygge ut vassdraga eller så lyt vi bygge atomkraftverk.

DETTE ER BLØFF!!!

Ikkje berre er prognosane kunstig høge, men viktigare er det at staten, Høgre og DNA med fleire ser fullstendig vekk andre

måtar å skaffe energi på.

Undersøkingar syner at opprustning av gamle kraftverk vil gje 6 millioardar. KWh. Bygging

av småkraftverk vil gje 3 milliardar. KWh. Utnytting av spillvarme frå den kraftkrevjande industrien vil gje 7 milliardar KWh. Til samanlikning vil Gaular-vassdraget gje 1,3 milliardar KWh og Alta-Kautokeino-vassdraget 0,7 milliardar KWh. Så det finst alternativ.

Dette vil RV kjempe for Utdanning

- kraftig utbygging av hybeltilbod.
- vekk med munnleg eksamen.
- stryk fagopplæringa — nei til felles grunnopplæring i yrkesskulen.
- auka løyvingar til klassesdeling, valfag, h. peundervisning og spesialundervisning.
- full språkleg jamstelling. Alle skulebøker må kome på nynorsk til same tid og same pris som bokmålsbøkene.

Ungdom — stem RV

Kva har dagens samfunn å by ungdomen?

Gode utdanningstilbod, lysande framtidsutsikter, mykje fritid, meningsfylde fritidstilbod, fine klede, rikeleg med pengar. Kort sagt - ungdomen har det som plomma i egget. - seier parti som Høgre DNA, Senterpartiet med fleire.

Men kva er realitetane?

Trass i at ungdomen i dag særleg materielt sett har det betre enn før, hopar problema seg opp. Karrierejag, lekse- og karakterpress, fritidsproblem, aukande narkotika- og alkoholproblem, dårlege hybeltilbod, politivald osv., er både uttrykk for og

symptom på at røyndomen er hard for ungdomen. Framtida gir ikkje grunn for optimisme. Foreiningane er eit aukande problem, kapitalismen si rovdritt på natur og menneske peikar hen på økonomisk samanbrot. Kapprustinga mellom USA og Sovjet skjerpar faren for krig for kvar dag som går. Kven må lide? Det er ungdomen av i dag. Kven må rette opp skadene som vert gjort? Det er ungdomen av i dag og komande slekter.

Men kan vi gjere noko i dag? Vi meiner ja. Men ikkje DNA, Høgre, ikkje SV. Kvar på sin måte har mellom anna desse partia ansvaret for eller stør opp om dei negative tinga som skjer. Vi meiner RV peikar på kva som må gjerast og korleis det skal gjerast. Trur du ikkje det? Denne avisa gjev nokre av dei svara vi har.

Les sjølv og dø. m.

Dette vil RV kjempe for Miljø- og ressurspolitikk

- nei til utbygging av Gaular-vassdraget.
- nei til atomkraftverk.
- for opprustning av eldre kraftverk.
- auka løyvingar til forskning på alternative energikjelder.
- nei til oljeboring nord for 62. breiddegrad.